

Nasjonale turistveger
Norwegian Scenic Routes

# 2016 I 2017
# TURISTVEGARBEIDET

Statens vegvesen



3 Forord
4 Skjervsfossen i ny drakt
6 Turistveganleggene 2016-2017
8 Bedriftsnettverk langs Gaularfjellet
10 Nasjonale turistvegar i 2023
12 Arkitekturrådet
16 Økonomi og framdrift
18 Gjende som nasjonalt reiselivsikon
20 Nasjonale turistveger og mediene
22 Norge i et tøft turistmarked

*Forsiden: Utsikten, Gaularfjellet. (Foto: Jiri Havran)*

# FORORD

I 2023 vil det vera 30 år sidan dei første prøvande stega for å finna fram til korleis offentlege vegar kan nyttast for å styrka det norske reiselivsproduktet. Bestillinga i 1993 kom frå Stortinget sin samferdselskomite og sidan den tid har utviklinga av Nasjonale turistvegar hatt si forankring i generasjonane av Nasjonale transportplanar og årlege statsbudsjett.

Målet er at Nasjonale turistvegar skal vera ferdig utbygd innan 2023. Vi ser at dette er i overkant av kva som både er praktisk og økonomisk mogeleg å få til og tilrår eit program med 48 prosjekt som skal gjera at alle dei 18 strekningane står fram som ein heilstøypt attraksjon med god kvalitet i 2023. Så får heller dei 55 attståande tiltaka komma til etter kvart framover mot 2029.

Også i 2016 og i 2017 handlar arbeidet om å halda stø kurs mot målet. I 2016 blei seks prosjekt fullført med Skjervsfossen, Utsikten og Allmannajuvet som dei største. 2017 blir eit aktivt planleggings- og byggeår før vi igjen kan tilby publikum mange nye opplevingar i 2018.

Statens vegvesen sitt oppdrag er å gi vegturisten fine opplevingar og eit godt servicetilbod langs 18 utvalde strekningar. Særpreget er kombinasjonen arkitektur og unik natur på rasteplasser og utsiktpunkt. Målet er å styrka norsk reiselivsnæring i distrikta. Og til vår store glede ser vi at responsen kjem. Bubilturistane og andre vegfarande finn fram til perlene både i sør og nord. Strekningane styrkar identiteten og inspirerer til samhandling for å gi turistane eit betre opplevings- og servicetilbod i område der reiseliv siglar opp som ei framtidsnæring.

Slikt gir inspirasjon til å få fullført oppdraget.

Jan Andresen
Seksjonsleiar
Statens vegvesen, Turistvegseksjonen



*Bergsbotn, Senja. (Foto: Trine Kanter Zerwekh)*







*Skjervsfossen er det nye tilskotet til rekka av vakre attraksjonar som prydar Nasjonal turistveg Hardanger. Fossen fell 135 meter i to terrassar, delt av gamle riksveg 13. Området byr på flotte naturvandringar og interessant lokal historie. (Foto: Jarle Wæhler)*

# Skjervsfossen i ny drakt

Med naturvandringar, utsiktsplattformar, nytt spenstig toalett og større parkering har Skjervsfossen blitt ein stad rik på opplevingar til glede for vegfarande turistar i Hardanger

Vegen gjennom Skjervet var prega av tungtrafikk som baksa seg høglydt opp og ned gjennom snirklete svingar. Skjervsfossen låg som ei vakker kulisse langs vegen, men vanskeleg å komme til. I 2011 blei riksveg 13 lagt i tunnel og gamlevegen fekk fri fra tungbilar og andre travle ferdafolk. Dette gjorde det mogleg å gjera Skjervsfossen til ein opplevingsrik naturattraksjon med gode høve til å sjå, høyre og kjenne vatnet som fossar ned fjellsida. Takka vera midlar og stort engasjement frå Vossapakko, Turistvegseksjonen, planleggjarar og entreprenør med sine fagfolk kunne Statens vegvesen opna Skjervsfossen i ny drakt i mai 2016.

Skjervsfossen byr på eit varsamt tilrettelagt nettverk av stiar, trapper, kvileplassar og utsiktspunkt på ulike nivå i den bratte lia med det 135 meter høge fossefallet. Utsjånaden og lyden av fossen varierer med ståstaden i landskapet, veret, årstidene og vassmengda. På parkeringsplassen ved elvekanten, kneisar eit skiferkledt toalettbygg, der naturlege behov kan kombinerast med utsikt til rennande vatn og grøn natur. Naturstien går gjennom ei solvendt li med frodig vegetasjon og lune kampesteinar. Sherpaer frå Nepal har utført det krevjande arbeidet med å byggje stien i stein. Ved foten av fossen kan folk oppleve "Dusjen", der kreftene frå fossefallet buldrar i kroppen og væter ansiktet for den som dristar seg inn i det vakre landskapsrommet på ein sti, nennsamt bygd av polske fagarbeidarar.

**Landskapsarkitekt:** Østengen & Bergo Landskapsarkitekter.
**Arkitekt:** Fortunen – Nils Johan Mannsåker.
**Byggherre:** Statens vegvesen ved Vossapakko og Turistvegseksjonen.
**Entreprenør:** Aakerholt Steen og Lund



*Det nye toalettet er eit landemerke på toppen av Skjervsfossen.*
*Arkitekt: Fortunen Arkitekter AS. (Foto: Steinar Skaar)*

**FAKTA**

**Ved innfallsportane til Hardanger** – langs Nasjonal turistveg Hardanger og Hardangervidda - ligg det spektakulære fossar. Mange kjem for å oppleva dramatikken i buldrande vatn som fell ned bratte fjellsider. Dessverre er omgivnadene prega av slitasje og manglande tilrettelegging. Statens vegvesen er i gang med ei storstilt oppgradering av fosseattraksjonane gjennom satsinga på Nasjonale turistveger. For Steinsdalsfossen (opna 2013), Vøringsfossen (i gang i 2015) og Låtefoss (eit stykke fram) stiller kommunane, Hardangerrådet og Hordaland fylkeskommune opp med investeringsbidrag. For Skjervsfossen er Vossapakko den viktigaste bidragsytaren.


1


2


3


4


5


6

*(Foto: Jarle Wæhler, Jiri Havran, Fredrik Fløgstad, Roger Ellingsen og Per Berntsen)*

# Turistveganleggene 2016-2017

Året 2016 ble et år med mange turistvegmarkeringer. Det startet i mai med Skjervsfossen i Hardanger, som et spennende resultat av felles innsats av Vossapakko og Turistvegseksjonen i Statens vegvesen. Samarbeidet med Jæren friluftsråd førte til at nytt toalett og parkeringstilbud ved friluftshuset på Orre kunne markeres i starten av juni. Sankthansaften kunne snora klippes for trekantflaket Utsikten på Gaularfjellet. Den sveitsiske arkitekten Peter Zumthor sitt verk i Allmannajuvet i Ryfylke ble behørig markert i september. Åpningsåret ble avsluttet med kunstverkene Columna Transatlantica på Atlanterhavsvegen og Mirage ved Torsnesstølen på Gaularfjellet.

2017 blir et intenst byggeår, med mange prosjekter på gang som skal stå ferdig i 2018 til glede og nytte for vegturister og næringsliv.

**ÅPNET I 2016:**

**1** Allmannajuvet, Ryfylke
Attraksjon med kafé, galleri, toalett og sti.
Arkitekt: Atelier Peter Zumthor & Partner

**2** Orre, Jæren
Toalett, parkering ved informasjonssenter/café.
Landskapsarkitekt: Brandsberg-Dahls arkitekter
Arkitekt: Arkitektkontoret Schjelderup & Gram AS

**3** Utsikten, Gaularfjellet
Utsiktpunkt med toalett
Arkitekt: Code AS
Landskapsarkitekt: Dronninga Landskap AS

**4** Vevang, Atlanterhavsvegen
Kunstverket Columna Transatlantica.
Kunstner: Jan Freuchen
Landskapsarkitekt: Østengen & Bergo AS

**5** Torsnesstølen, Gaularfjellet
Kunstinstallasjonen Mirage
Kunstner: Marianne Heier

**6** Skjervsfossen, Hardanger
Rasteplass med toalett og naturvandringer.
Landskapsarkitekt: Østengen og Bergo
Arkitekt: Fortunen AS

**GODT I GANG:**

Vøringsfossen, Hardangervidda
Byggetrinn 1; Utsiktspunkt, parkering og toalett ved Fossli hotell
Arkitekt: Carl-Viggo Hølmebakk

Bukkekjerka, Andøy
Rast, toalett og sti
Arkitekt: Morfeus Arkitekter

**ÅPNES I 2017:**

Storberget, Havøysund
Rasteplass, parkering og utsikt
Arkitekt: Pushak AS

Allmannajuvet, Ryfylke
Gruvesti
Byggherre: Sauda kommune

Sandsfjorden/Ostasteidn, Ryfylke
Utsiktspunkt og rasteplass med toalett
Arkitekt: KAP
Byggherre: Statens vegvesen, Region vest

**BYGGESTART 2017:**

Skreda, Lofoten
Rasteplass med toalett
Arkitekt: Manthey Kula AS

Ureddplassen, Helgelandskysten
Parkering, toalett og utsiktsterrasse
Arkitekt: Haugen / Zohar Arkitekter AS
Landskapsarkitekt: Landskapsfabrikken AS

Jøl bru, Gamle Strynefjellsvegen
Utsikt, rast og parkering
Arkitekt: 3RW, Sixten Rahlff

Husøya, Senja
Utsiktspunkt med trappevandring
Arkitekt: Espen Vatn/Jørgen Tandberg

Flye 1389, Valdresflye
Varmestue med kafé og toalett
Arkitekt: Knut Hjeltnes sivilarkitekter MNAL AS

Gjende, Valdresflye
Brygge og lager ved Gjende
Parkeringsplass med toalett på Reinsvangen
Arkitekt: Knut Hjeltnes sivilarkitekter MNAL AS

Vestre Jacobs elv, Ekkerøya og Kiberg, Varanger
Parkering og fuglekikkerskjul/leskur
Arkitekt: Biotope







*Bedriftsnettverket presenterte seg ved opninga av Utsikten på Gaularfjellet, ved blant andre koordinator Marit Hjortung hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. (Foto: David Zadig, Heidi Vallestad)*

# Bedriftsnettverk langs Gaularfjellet

I alt tretten bedrifter har gått saman og danna eit bedriftsnettverk langs Nasjonal turistveg Gaularfjellet. «Utsikten» er blitt ein stoppestad med wow-effekt og no merkar bedriftene auke i trafikken.

Bedriftsnettverket kom i gong på bakgrunn av NCE Tourism sitt prosjekt om verdiskaping langs Nasjonale turistvegar i Fjord-Norge-regionen. Bedriftsnettverket har 13 deltakande bedrifter og representerer ei blanding av opplevingar, lokal mat og drikke, kultur og overnatting.

– Planen er å etablere ei heilskapleg oppleving for reisande langs vegen, slik at fleire turistar vil bli lengre i området, seier Marit Hjortung, seniorrådgjevar hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Ho fortel at prosjektet går over tre år og har som mål å auke omsetnaden med 30 prosent før dei tre åra er omme.

Hjortung meiner vi kan sjå konturane av at turistvegsatsinga gjev resultat. Bedriftene merkar auke i trafikken på grunn av merksemda rundt Nasjonale turistvegar. Utsikten er ein ny stoppestad der turisten nyttar meir tid enn før. Den nye attraksjonen har skapt nysgjerrigheit som har ført til fleire besøkande til lokale bedrifter langs strekninga. Ein lokal serveringsstad, har til dømes hatt ein auke i omsetjinga på 25 % i sesongen 2016, seier ho.

Hjortung fortel at nettverket skal laga ein eigen nettstad for å bli synleg på digitale flater. Her vil Nasjonal turistveg Gaularfjellet bli profilert saman med informasjon om bedriftene sine tilbod og nye kombinasjonar av opplevingar på tvers av bedriftene.

Stikkorda for produktutviklinga er lokal mat, gode senger, hyggjeleg vertskap og dei gode historiene. I 2017 vil nettverket arbeide med å testa utvalde reiselivsprodukt i marknaden. I 2016 blei det til dømes gitt tilbod om transport frå Balestrand til Utsikten med informasjon og stopp undervegs, tre dagar per veke i høgsesongen, seier Hjortung.




*Nasjonal turistveg Gaularfjellet mellom Balestrand og Moskog, og mellom Sande og Eldalsosen er 114 km lang. Eit fredfullt alternativ til stamvegane frå Sunnfjord til Sogn. Langs verna vassdrag og stille fjordarm fram til turiststaden Balestrand, er dette ein strekning som kan inngå i mange rundturar.*



**FAKTA**

Arbeidet med Nasjonale turistvegar blei starta opp i kjølvatnet av samferdselskomiteen si handsaming av Norsk veg- og vegtrafikkplan 1994-1997 våren 1993.

Sidan den tid er satsinga forankra i generasjonane av Nasjonale transportplanar og årlege statsbudsjett fremja av Samferdselsdepartementet og handsama av Stortinget.

Ifølgje St.prp.nr 1S for åra 2014 til 2017 er målet at attraksjonen Nasjonale turistvegar skal vera fullført i løpet av 2023, slik det også går fram av transportetatane sitt grunnlagsdokument for Nasjonal transportplan 2018 – 2029.

Samferdselsdepartementet si stortingsmelding om Nasjonal transportplan 2018 – 2029 skal leggjast fram og behandlast av Stortinget i vårsesjonen 2017.



*Fotomontasje av Vøringsfossen, Hardangervidda, arkitekt Carl-Viggo Hølmebakk, og Skreda, LOFOTEN, arkiktekt: manthey kula ans*

# Nasjonale turistvegar i 2023

Frå 1994 har Statens vegvesen arbeidd målretta med å gi vegturisten gode opplevingar og eit godt servicetilbod langs 18 Nasjonale turistvegar. Særpreget er kombinasjonen arkitektur og unik natur på gode stoppestader. Målet er å styrka norsk reiselivsnæring i distrikta. Utfordringa er å komma så langt at Nasjonale turistvegar framstår som ein heilstøypt attraksjon med god kvalitet på alle strekningane i løpet av 2023.

Frå 1994 til 2016 er 144 av i alt 247 utvalde tiltak gjennomført, deriblant 6 av 10 særskilte attraksjonar. Ifølgje statsbudsjettet for 2017 og forslaget til Nasjonal transportplan 2018 – 2029 skal dette programmet vera fullført i løpet av 2023, noko som vil vera svært krevjande både økonomisk og praktisk. Turistvegseksjonen har derfor gått gjennom programmet med følgjande innfallsvinkel:

- Nasjonale turistvegar er eit viktig verkemiddel for å styrka det norske reiselivsproduktet
- Innan utgangen av 2023 skal alle dei 18 strekningane ha fått eit innhald som stadfestar Nasjonale turistvegar som ein særeigen turistattraksjon i Norge
- Det skal utviklast prosjekt med spennande arkitektur og nøktern materialbruk.
- Alle dei 10 store attraksjonane skal vera fullført i tråd med føresetnader og avtalar

Denne kvaliteten er det mogeleg å oppnå med fullføring av 48 nye tiltak i løpet av 2017 til 2023 samtidig som ein tek vare på og vidareutviklar det som er gjennomført. Dette føreset ei statleg satsing på 1130 mill.kr. saman med 165 mill.kr. frå andre. Opplegget føreset at:

- Regionale og lokale midlar som inngår i samarbeidsavtalar blir stilt til disposisjon i startfasen.
- Bindande avtalar og tilsegner i samarbeidsprosjekt må på plass før arbeidet blir starta opp.
- Toalett som dekker regionale/lokale behov for friluftsformål mm i tillegg til servicetilbodet til vegfarande turistar, må delfinanerast med midlar frå andre.
- Kommersielle tilbod på turistvegpunkt må finansierast regionalt og lokalt.
- For dei særskilte attraksjonane må 1/3 av kostnaden dekkast frå andre aktørar.

Dei resterande 55 tiltaka inngår i vidareutviklinga av dei 18 strekningane framover mot 2029.

### Anbefalt tiltakspakke 2017 - 2023

| STREKNING | TILTAK |
|---|---|
| Rondane | Grimsbrua, kunst |
| Valdresflye | **Flye 1389, Gjende**, Sjodalen |
| Jæren | **Borestranda, Refnesstranda**, Hårr, **Brusanden, Madland hamn,** kunst |
| Ryfylke | **Hølleslie, Ostasteidn,** Helganeset, Kvelven, Hyleskaret, Brattlandsdalen |
| Hardanger | **Espeneset, Låtefoss** |
| Hardangervidda | **Vøringsfossen, Måbø gard** |
| Aurlandsfjellet | Sluppen |
| Gaularfjellet | **Hestad,** Rørvikfjellet, Eikelandsfossen, Grønlund |
| Gml. Strynefjellsvegen | Jøl bru |
| Geiranger-Trollstigen | Hestbrehola |
| Atlanterhavsvegen | **Farstadsanden, Malefeten, Skarvøya** |
| Helgelandskysten | Ureddplassen, Sjonfjellet, Torghatten |
| Lofoten | Skreda, Brunstranda, **Haukelandsanden** |
| Andøya | Bukkekjerka |
| Senja | Husøya, **Mefjordver, Ballesvika,** kunst |
| Havøysund | Bakfjordhøgda m/kunst |
| Varanger | **Mortensneset, Hamningberg,** Skallhalsen, Persfjord, Domen |

Tiltaka med utheva skrift føreset bidrag frå og avtaler med andre aktørar







*Øverst: Jøl bru, Strynefjellsvegen, arkitekt: 3RW. Over til venstre: Husøy, Senja, arkitekt: Espen Vatn/Jørgen Tandberg. Over til høyre: Ostasteidn, Ryfylke, arkitekt: KAP arkitekter*



# Arkitekturrådet

Ei reise på Nasjonale turistveger borger for gode opplevelser av vakker norsk natur og av arkitektur i verdensklasse. Arkitekturrådet er turistvegseksjonens rådgivende organ som sikrer at attraksjonen Nasjonale turistveger holder høy arkitektonisk kvalitet.

Turistvegseksjonen arbeider med nyskapende arkitektur som skal formidle stemning og naturopplevelse, tåle tidens tann, være funksjonell og nøktern. Etter interessen fra fagmiljøene å dømme hører oppgaven til de mest attraktive arkitektoppdragene i landet.

Arbeidet består i utvikling av løsninger med et gjennomtenkt forhold til det enkelte sted. Et utviklingsprosjekt med nye og uprøvde løsninger trenger god tid i planfasen der alle sider ved form, materialbruk, konstruksjon, drift- og vedlikehold studeres og ivaretas. Arkitekturrådet har jevnlige møter hvor alt fra idéer til ferdige byggedetaljer gjennomgås sammen med oppdragsgiver og formgiver. Denne grundige arbeidsformen er avgjørende for resultatene som oppnås.

Hele tiden er det søkt etter formgivere som tilfører rasteplassar og utsiktspunkt de merverdiene som er Nasjonale turistveger sitt særpreg. Som byggherre har vegvesenet et ønske om å bidra til å utvikle arkitektfaget ved å stimulere unge arkitekters faglige utvikling samtidig som de unge bidrar med idéer og nytenking inn i turistvegarbeidet. Arkitekturrådet har en viktig rolle som rådgiver og veileder undervegs i utviklingsarbeidet.

Arkitekturrådets medlemmer har alle lang og bred erfaring innenfor sine respektive fagfelt. De nåværende medlemmene er arkitekt Morten Løvseth, kunstner Knut Wold og landskapsarkitekt, Ellen Njøs Slinde, Statens vegvesen.





*Arkitekturrådet kvalitetssikrer planer og gir råd om hvordan prosjekter skal videreføres og eventuelt endres. (Foto: Werner Harstad)*

# Økonomi og framdrift

Utviklinga av attraksjonen Nasjonale turistvegar starta opp i 1994 etter eit initiativ frå Stortinget om å sjå nærare på kombinasjonen veg og reiseliv. På bakgrunn av erfaringane frå eit prøveprosjekt ga Stortinget i 1998 Statens vegvesen klarsignal til å vidareføra arbeidet. Satsinga er sidan følgt opp av Regjeringa og Stortinget gjennom mange generasjonar Nasjonale transportplanar og dei årlege statsbudsjetta for Samferdselsdepartementet.

I 2012 blei dei 18 strekningane med ei lengde på 1991 km skilta som Nasjonale turistvegar sjølv om ein var knapt halvveges i satsinga. Etter den tid er lengda auka til 2151 km som følgje av justering av Nasjonal turistveg Ryfylke samt turistvegstatus på elleve avstikkarar. Med gjennomføring av eit program på 48 utvalde tiltak av dei attståande 103 tiltaka i åra 2017 – 2023, vil alle 18 strekningane kunna framstå som gode nasjonale turistvegar i løpet av 2023. Dei siste 55 tiltaka inngår då i vidare-utviklinga av attraksjonen framover mot 2029.

Statens vegvesen har teke initiativ til ei gjennomgripande opprusting og kvalitetsheving av i alt ti særskilte attraksjonar langs dei Nasjonale turistvegane. Dei fleste av desse har gjennom mange år vore nytta som fyrtårn i marknadsføringa av det norske reiselivsproduktet til tross for stor slitasje, mangelfull tilrettelegging og dårleg tryggleik.

Planlegging, gjennomføring og oppfølging av dei ti særskilte attraksjonane til og med 2023 er i 2017 kostnadsvurdert til 1380 mill.kr., finansiert med 1160 mill.kr. frå Nasjonale turistvegar og 220 mill. kr. frå andre offentlege aktørar (mill.2017 kr). I 2016 var seks av dei ti gjennomført. Arbeidet med Vøringsfossen starta i 2015 og Gjende blir starta opp i 2017.

| 10 særskilte attraksjonar | Nasjonal turistveg | Fylke | fullført år |
|---|---|---|---|
| Gudbrandsjuvet | Geiranger-Trollstigen | Møre og Romsdal | 2010 |
| Steilneset | Varanger | Finnmark | 2011 |
| Trollstigen | Geiranger-Trollstigen | Møre og Romsdal | 2012 |
| Steinsdalsfossen | Hardanger | Hordaland | 2014 |
| Eldhusøya | Atlanterhavsvegen | Møre og Romsdal | 2014 |
| Allmannajuvet | Ryfylke | Rogaland | 2016 |
| Vøringsfossen | Hardangervidda | Hordaland | 2023 |
| Gjende | Valdresflye | Oppland | 2023 |
| Torghatten | Helgelandskysten | Nordland | 2023 |
| Låtefossen | Hardanger | Hordaland | 2023 |

RESSURSINNSATS FOR FULLFØRING AV NASJONALE TURISTVEGAR (MILL. 2017 KR)

| | **Investert 1994 - 2013** | **2014 - 2017** | **2018 - 2023** | **2024-2029** | **Sum 1994-2029** |
|---|---|---|---|---|---|
| Nasjonale turistvegar | 1647 | 669 | 1050 | 550 | 3916 |
| Andre | 197 | 132 | 120 | 40 | 489 |
| **Sum** | **1844** | **801** | **1170** | **590** | **4405** |

## PLANLAGT FRAMDRIFT 1994 - 2023 - 2029

| Strekning | Lengde (km) | NT-midlar (mill. 2017 kr) |
|---|---|---|
| Rondane | 75 | 107 |
| Valdresflye | 49 | 223 |
| Jæren | 41 | 66 |
| Ryfylke | 267 | 418 |
| Hardangervidda | 165 | 492 |
| Hardanger | 67 | 311 |
| Aurlandsfjellet | 47 | 96 |
| Gaularfjellet | 108 | 148 |
| Sognefjellet | 114 | 111 |
| Gamle Strynefjellsvegen | 27 | 70 |
| Atlanterhavsvegen | 36 | 192 |
| Geiranger - Trollstigen | 104 | 616 |
| Helgelandskysten | 434 | 327 |
| Lofoten | 230 | 218 |
| Andøya | 58 | 64 |
| Senja | 102 | 103 |
| Havøysund | 67 | 83 |
| Varanger | 160 | 273 |
| | **2151** | **3916** |

**Investert til og med 2017 og 2023 (i prosent av 1994-2029)**




## UTVIKLING AV INNHALDET PÅ TURISTVEGSTREKNINGANE

| **Type tiltak** | **Fullført ved utgangen av** | | | |
|---|---|---|---|---|
| | **2013** | **2017** | **2023** | **2029** |
| Store attraksjonar | 3 | 6 | 10 | 10 |
| Rasteplassar/utsiktspunkt | 83 | 94 | 122 | 166 |
| Kunstverk i regi av NT | 4 | 6 | 10 | 15 |
| Tiltak ved bedrifter, opplevingar, tettstader og ferjeleie | 39 | 42 | 50 | 56 |
| **Sum** | **129** | **148** | **192** | **247** |

Fornyingar og vidareutvikling av gjennomførte tiltak kjem i tillegg og vil krevja stadig meir ressursar.

## TURISTVEGOMSETNINGA 2006 - 2013 OG 2014 - 2017 (2017-KRONER)




Midlar frå andre til og med 2013 er i stor grad knytt til dei store attraksjonane Gudbrandsjuvet, Trollstigen, Steinsdalsfossen, Eldhusøya og Almannajuvet. I perioden 2014 – 2017 utgjer innsatsen frå andre 132 mill. kr. Dette er turistvegrelaterte næringsprosjekt (15 mill.kr), ordinære vegløyvingar til rasteplassar og servicebygg med turistvegkvalitet (37 mill.kr.) samt tilskott til turistvegtiltak (80 mill.kr.). Dei største tilskotta er regionale og lokale bidrag til Vøringsfossen, Gjende og Flye 1389 (på toppen av Valdresflye).

## TURISTVEGSATSINGA 1994 - 2017 - 2023 - 2029. FYLKESFORDELING (2017 KRONER)

| **Fylke** | **Lengde km** | **1994-2017 mill.kr** | **2018-2023 mill.kr** | **2024-2029 mill.kr.** | **1994-2029 mill.kr.** |
|---|---|---|---|---|---|
| Hedmark | 69 | 53 | 35 | 14 | 103 |
| Oppland | 127 | 115 | 178 | 33 | 325 |
| Rogaland | 280 | 327 | 95 | 51 | 472 |
| Hordaland | 242 | 358 | 376 | 80 | 814 |
| Buskerud | 18 | 0 | 3 | 3 | 3 |
| Sogn og Fjordane | 227 | 189 | 78 | 60 | 327 |
| Møre og Romsdal | 137 | 648 | 49 | 110 | 808 |
| Nordland | 722 | 337 | 161 | 110 | 608 |
| Troms | 102 | 51 | 33 | 20 | 103 |
| Finnmark | 227 | 238 | 45 | 72 | 356 |
| **Sum** | **2151** | **2316** | **1050** | **550** | **3916** |

Den store satsinga i Møre og Romsdal og Hordaland heng saman med at desse fylka har 6 av dei 10 særskilte attraksjonane. Dei fire siste er i Oppland, Rogaland, Nordland og Finnmark. Nordland er det fylket som har flest km turistveg.

## NASJONALE TURISTVEG – STREKNINGAR OG LENGDER FRÅ 2016

| Namn | Nasjonal turistveg | Lengde (km) |
|---|---|---|
| Rondane | Venabygdsfjellet - Enden – Folldal Sollia kirke - Enden | 75 |
| Valdresflye | Garli – Hindsæter med avstikkar til Gjende | 49 |
| Jæren | Ogna – Bore | 41 |
| Ryfylke | Oanes – Lovraeidet – Hårå med avstikkar til Sand | |
| | Lovraeidet - Sauda – Hordalia med veg til Ropeid | 267 |
| Hardanger | Granvin – Steinsdalsfossen og gamlevegen gjennom Skjervet | |
| | Norheimsund – Tørrvikbygd, Jondal – Utne, Kinsarvik – Låtefoss | 165 |
| Hardangervidda | Eidfjord – Haugastøl | 67 |
| Aurlandsfjellet | Aurlandsvangen – Lærdalsøyri | 47 |
| Sognefjellet | Lom – Gaupne | 108 |
| Gaularfjellet | Balestrand – Eldalsosen – Moskog, Eldalsosen - Sande | 114 |
| Gamle Strynefjellsvegen | Grotli – Videsæter | 27 |
| Atlanterhavsvegen | Kårvåg - Bud | 36 |
| Geiranger – Trollstigen | Langevatn – Sogge bru | 104 |
| Helgelandskysten | Holm – Godøystraumen med avstikkar til Torghatten | 434 |
| Lofoten | Å - Raftsundet, med avstikkarar til Nusfjord, Vikten, | |
| | Utakleiv, Unstad, Eggum og Henningsver | 230 |
| Andøya | Bjørnskinn – Andenes | 58 |
| Senja | Gryllefjord – Botnhamn med avstikkar til Mefjordver og Husøya | 102 |
| Havøysund | Kokelv – Havøysund | 67 |
| Varanger | Varangerbotn – Hamningberg | 160 |
| **Sum** | | **2151** |

Av den totale lengda på 2151 km er 613 km riksveg og 1538 km fylkesveg.

Frå 2016 er ferja mellom Sand og Ropeid erstatta med ny bru over Sandsfjorden. Nasjonal turistveg Ryfylke følgjer då fv. 46 fra Lovraeidet til avstikkaren ned til Ropeid kai og deretter 520 via Sauda til Hordalia (ved Røldal). Vidare er det vedteke at heile riksveg 13 frå Oanes via Lovraeidet til Hårå (ved Røldal) med avstikkar til tettstaden Sand skal få status som Nasjonal turistveg. Frå 2016 har også gamlevegen forbi Skjervsfossen mellom Granvin og Voss status som Nasjonal turistveg.

## DISPONERING AV TURISTVEGLØYVINGA

| | 2016 | 2017 |
|---|---|---|
| **Fellesutgifter** | **23,6** | **22,8** |
| Turistvegseksjonen | 16,9 | 16,6 |
| Rådgiving, kvalitetssikring, profilering | 6,7 | 6,2 |
| **Tiltak på strekningane** | **151,4** | **157,2** |
| Plan og anlegg stoppunkt | 140,6 | 138,8 |
| Turistveginformasjon og utstyr | 2,8 | 4,0 |
| Fornying av eks. stopp | 7,9 | 14,1 |
| Planbistand til andre aktørar | 0,1 | 0,3 |
| **Løyving** | **175** | **180** |

Fellesutgiftene utgjer om lag 13 % av den årlege løyvinga. Fornying av eksisterande stopp er ein post som er nødvendig for å halda oppe kvaliteten på turistattraksjonen Nasjonale turistvegar etter kvart som tida går og stadig fleire anlegg står ferdig.



*Illustrasjon Gjendeosen, arkitekt: Knut Hjeltnes Arkitektkontor*



# Gjende som nasjonalt reiselivsikon

Gjende er innfallsport til Noregs mest kjende fjellområde, Jotunheimen, med den ikonisk vandreturen over Besseggen. I 2017 skal arbeidet med å ruste opp staden endeleg komme i gang.

Gjende er ein særs travel møteplass i fjellet. Besøkstalet dei siste åra har auka kraftig. Turisthytta Gjendesheim hadde sesongen 2016 over 19 600 gjestedøgn medan Gjendebåten frakta meir enn 60 000 fjellturistar innover Gjendevatnet. Til sesongen 2017 vil ein ny skyssbåt stå klar og behovet for betre brygge er stort.

Turistane sitt møte med norsk natur har stor betydning for Norge sitt omdømme som reiselivsnasjon. Målet er derfor å ruste opp ein av dei mest besøkte fjellportalane i landet for å møta dagens og morgondagens krav og forventningar til Noreg som eit moderne og attraktivt reisemål.

Utbygginga er delt i tre etappar. Planlagd anleggsstart er hausten 2017, og målet er at heile anlegget skal stå klart innan 2023.

Det er inngått ei samarbeidsavtale mellom Statens vegvesen, Vågå kommune og Oppland fylkeskommune om finansiering, planlegging, bygging og drift av attraksjonen Gjende. Avtala føreset at partane skal komma attende til finansiering og gjennomføring av siste etappe.

- I etappe ein skal det leggjast betre til rette for Gjendebåten med ny brygge og lager. Parkeringa på Gjendeosen vil bli flytta til utvida parkeringsplass med eit moderne toaletanlegg på Reinsvangen. Den store parkeringsflata ved Gjendevatnet vil då bli attendeført til natur.

- Etappe to vil vere å knytte saman nord og sørsida av Sjoa med bru slik at Gjendeosen blir et enda meir attraktivt besøksmål med fleire kortare dagsturar. Samtidig vil det bli bygt ein universelt utforma sti frå utvida parkeringsplass for rettigheitshavarar.

- Siste etappe vil bli å bygge nytt sørvisbygg på Gjendosen med kiosk, kafé med kjøkken, toalett og informasjon.

# Nasjonale turistveger og mediene

Turistvegseksjonen hadde i 2016 flere utenlandske mediehenvendelser og større internasjonale redaksjonelle omtaler enn noe år tidligere. Åpningen av Utsikten og Allmannajuvet har stått for den største interessen.

**UTENLANDSKE MEDIA**

Utenlandske media har i 2016 ved 83 anledninger vært i kontakt med Turistvegseksjonen i form av henvendelser, intervjuer, pressevisning og pressereiser. Åpningen av Utsikten på Gaularfjellet i juni resulterte i 43 henvendelser. Åpningen av Allmannajuvet i Ryfylke i september førte til 21 henvendelser.

**Utenlandske henvendelser fordelt på land:**




I 2016 ble det arrangert pressereiser, i juni og september, i samarbeid med UD og Innovasjon Norge. Pressereisen i juni viste fram turistvegstrekningene Atlanterhavsvegen, Geiranger-Trollstigen og Sognefjellet til seks russiske journalister. Pressereisen i september gikk via Gaularfjellet, Sognefjellet og Aurlandsfjellet og ble gjennomført med journalister fra Italia, Russland, Tyskland, USA, England og Sverige.

**NORSKE MEDIA 2016**

I følge analysebyrået Opoints månedlige sammenstillinger ble 2016 det nest beste året regnet i omtaleverdi for Nasjonale turistveger, om lag på nivå med åpningsåret 2012. Omtaleverdi var på 61,4 mkr, fordelt på 1244 artikler/saker.

Omtaleverdi er en estimering av hva det ville kostet for medieomtalen dersom oppdragsgiveren måtte ha betalt for den. Den beregnes ut fra artiklenes størrelse, plassering og tendens, kildenes annonsepris og oppdragsgiverens synlighet i artikkelen.

Det er ikke mengden artikler, men de mange større oppslagene i nasjonal presse som har bidratt til den høye omtaleverdien.

**Tilsvarende tall tidligere år er følgende:**

| | | |
|---|---|---|
| 2015: | 27,8 Mkr | (1406 artikler) |
| 2014: | 37,2 Mkr | (1972 artikler) |
| 2013: | 32,7 Mkr | (2599 artikler) |
| 2012: | 64,1 Mkr | (2504 artikler) |
| 2011: | 26,3 Mkr | (1000 artikler) |

**BØKER PRODUSERT I 2016:**

- Nasjonale turistveger – Bok 256 sider. Statens vegvesen, Forlaget Press, Jan Neste Design
- Steilneset minnested / Steilneset Memorial – Bok 144 sider. Statens vegvesen, Forlaget Press
- Mirage – Bok 176 sider. Statens vegvesen, Forlaget Press

*GJESTESKRIBENT. Per-Arne Tuftin er direktør i Forum for Reiseliv. Tuftin var tidligere reiselivsdirektør i Innovasjon Norge.*

# *Norge i et tøft turistmarked!*

Interessen for å reise i Norge har utviklet seg positivt over flere år. De siste 2-3 årene har det vært en fantastisk vekst i norsk turisme og da spesielt fra utlandet. Dette har skapt ny optimisme i en næring som baserer sin verdiskapning på grunnlag av gode naturgitte forutsetninger.

Norge er ikke alene om å ha en fantastisk natur og vi er ikke alene om å ha et godt turistprodukt. Vi kan ikke hvile på laurbærene, vi må fortsette å utvikle turistproduktet og vi må fokusere på den opplevelsesbaserte turismen dersom veksten i turisttrafikken til Norge skal fortsette. Vi må framheve den storslagne naturen, men samtidig vise frem landet vårt som et moderne land, et land der våre gjester skal få lokal mat, aktiviteter, opplevelser, kultur og arkitektur som gir de gode minnene.

Med et omfattende vegnett i unik natur og med levende samfunn i alle deler av landet, har Norge et svært godt utgangspunkt for å fronte noe som ikke andre land har og som mange misunner oss. Også andre land presenterer landet gjennom «scenic routes». Men den norske måten med kobling mellom historie, fantastisk natur, arkitektur og nødvendige funksjoner på rasteplasser og utsiktspunkt langs 18 utvalgte vegstrekninger er helt spesiell. Dette styrker opplevelsen av unik norsk natur og viser fram Norge som et innovativt turistland.

Med de 18 Nasjonale turistveger har Norge en fantastisk turistattraksjon! De har satt Norge på det internasjonale turistkartet og vil gjøre det også i årene som kommer. Det trenger vi for å styrke Norge som reisemål i en stadig tøffere internasjonal konkurranse.

At de Nasjonale turistvegene har fått stor oppmerksomhet nasjonalt og ikke minst internasjonalt, gjør attraksjonen til et viktig verktøy i markedsføringen og omdømmebyggingen av Norge. Dette har igjen resultert i internasjonal mediedekning og ikke minst styrket interessen for Norge som reisemål. Det at Norge har gått i bresjen for denne type satsinger blir lagt merke til, og våre spektakulære rasteplasser og utsiktspunkt har blitt vist både i TV-program og er hyppig delt i sosiale medier.



Nasjonale turistveger har etablert et nivå for omdømmebygging av Norge som turistmål med positive opplevelser i vår fantastiske natur som grunntema. Dette burde gi inspirasjon for andre aktører til å heve kvaliteten på det norske reiselivsproduktet, der naturinntrykkene blir forsterket med aktiviteter og opplevelser tuftet på lokale tradisjoner i en moderne innpakning.

Slik kan vi overleve som turistnasjon i et tøft turistmarked.

Direktør Per-Arne Tuftin
Forum for Reiseliv



*Nasjonal turistveg Geiranger-Trollstigen. (Foto: Jiri Havran)*

# Nasjonale turistveger

Norwegian Scenic Routes




Statens vegvesen

17-0235 visuell.kommunikasjon@vegvesen.no